

## Musikklaget med utekonsert på Rosendalstunet.

17.06.2020



Det var ei kjekk musikkstund på Rosendalstunet tirsdag ettermiddag.

**Med koronakrisa vart det slutt på mange av dei gode sosiale og kulturelle innslaga frå ulike lag, grupper og einskildpersonar på institusjonane våre. Derfor var det ekstra kjekt både for bebuarar, pleiarar og musikarar då veterangjengen i musikklaget endeleg kunne invitera til utekonsert på Rosendalstunet tirsdag ettermiddag. Det vart ei triveleg stund for alle som var til stades i det nydelege sommarveret.**



Publikum var samla på alle kantar, både under og oppå terrassar.

Det var planen at besøket skulle skjedd tidlegare i vår. Då var det tanken at musikkjengen skulle stått for programmet innandørs saman med Rustne Menn og Uskedal helselag slik som i fjor. No måtte det gjerast ein vri. Med dei gode vermeldingane, vart det teke kontakt med leiinga ved Rosendalstunet som tok mot tilbodet med svært opne armar. Dermed vart det utekonsert på få dagars varsel.

I solsteiken vart det rigga til i ein 'hukk' mellom bygningsdelene på nedsida av tunet. Publikum var samla rundt korpset og på terrassane i etasjane over. Musikarane var heldige å unngå solsteiken ved å sitja i skuggeområde medan publikum kunne tilpassa seg 'orkesterplass' med sol eller helst skugge, alt etter ønskje. Det var ein svært godt eigna plass til utekonsert.

Bandet spela ei avdeling på rundt tre kvarter. Dei serverte 10 nummer frå repertoaret sitt. Det var eit variert og godt sommarlett program der publikum fekk høyra kjende nummer som dei kunne nynna med på og meir ukjend musikk. Bandet har av og til med vokalistar, men sidan dei ikkje var på denne improviserte konserten, slo dei like godt til og song eit par vers av Knut Øygarden sin vakre 'Songen frå vest' sjølv. Elles fekk publikum høyra både marsj og vals, gamle slagerar og svisker, og sjølvsgatt var også eit par nummer frå frelsearmèrepertoaret med denne gongen og.

Både bebuarar og pleiarar sette stor pris på denne stunda, og muskarane sette veldig glade for å få dela musikken sin med dei. Sjølvsgatt lova dei å koma tilbake, og det gler dei seg til.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Morten Nygård/Grenda.